

# Beitebruksplan for Grindheim/Litledalen beitelag Fiskedalen




Lars Kjetil Flesland, NLR Rogaland. 2018

# Innhold

Innleiing .....	3
Tal dyr på beite .....	4
Skårfeste .....	6
Sauemerke .....	7
Kva er eit vegetasjonskart.....	9
Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen .....	10
• Klima .....	10
• Berggrunn.....	11
• Lasmassar.....	11
Vegetasjonskart Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen.....	12
• Vegetasjonen i det kartlagde området.....	13
Omtale av kartlagde vegetasjonstypar .....	14
• Heisamfunn i fjellet .....	15
• Engsamfunn i fjellet .....	17
• Lauvskog .....	17
• Myr .....	19
• Uproduktive og bebygde areal .....	20
Vegetasjon og beite i Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen .....	21
• 1. Området vest for anleggsvegen frå Hjørnås til Bassurd (Strype).....	21
• 2. Området mellom anleggsvegen til Bassurda, via Litledalsstølen og vestsida av Grindheimsvatnet.....	22
• 3. Området rundt Grindheimsvatnet og Nordfjellet .....	23
• 4. Området på Vio.....	24
• 5. Området aust for Joravatna opp mot Borfjellet .....	25
• 6. Borfjellet-Fiskedalen. ....	26
Beiteverdi og beitekapasitet.....	27
• Beitevanar .....	29
• Beitevanar i Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen .....	30
• Blåbær/fuktmark .....	31
• Beitekapasitet.....	34
• Beitekapasitet i Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen.....	36

# Innleiing



**Figur 1:** Kyr på beite sør for Grindheimsvatnet. Foto: Lars Kjetil Flesland

Grindheim/Litledalen beiteland og Fiskedalen er eit av dei mest tradisjonsrike og brukte beiteområdet i Etne. Brukarane har alt frå gamal tid av hatt ein aktivt og organisert bruk av fjellbeitet, både for eigne dyr og som utleigebete. Beitelaget ynskjer no å få laga til beitebruksplan for området. Etne kommune har gjennom ordninga for spesielle miljøtiltak i jordbruket løyvd midlar til arbeidet.

For på best mogeleg måte å koma fram til eit mål for produksjonen på beitet er det laga til vegetasjonskart for området. I Noreg er det NIBIO som oftast gjer dette arbeidet. Dei er kontakta også om dette prosjektet, men hadde ikkje høve å gjennomføre det. NLR Rogaland, ved Lars Kjetil Flesland har difor etter beste evne utarbeidd «Beitebruksplan for Grindheim/Litledalen beiteland og Fiskedalen»


Vegetasjonskart er i dag den karttypen som gjev mest allsidig informasjon om naturgrunnlaget. Inndeling i ulike vegetasjonstypar er gjort etter "Veiledning i vegetasjonskartlegging" av Ynge Rekdal og John Y. Larson. NIJOS rapport 05/05.

Vegetasjonskartlegging er eit fag som krev

god plantekunnskap. Grensene mellom ulike vegetasjonstypar er ofte uklare med små samanhangande flater (mosaikk mellom to eller fleire vegetasjonstypar). Gode vegetasjonskart vert laga på grunnlag av gode rutinar og gjentatt kartlegging. Underteikna har for mange år sidan kartlagt vegetasjonen i store deler av nedslagsfeltet til Botnavatnet, som ligg i Etne og Vindafjord kommunar, samt gjennomført nokre beiteurderinger i Odda kommune.

Det er brukt 6 dagsverk til å gå over området og teikne inn grensene mellom vegetasjonstypane på kart (flyfoto) i format 1:5000. Vegetasjonskartet er så teikna over i programmet Skifteplan. Dette programmet er ikkje tiltenkt denne bruken, slik at kartet kun viser hovudvegetasjonstype og figur nr. Vi trur likevel kartet kan med litt tilpassingar brukast.

# Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen



**Figur 2.** Omrentlege grenser for Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen

Området grensar i nord til Løkjelsvatnet, i aust til fylkesgrensa mot Rogaland, i sør til Nore Bjørndalen sameige og i vest til Kaldheim sameige. Det kartlagde arealet utgjer om lag 18,7 km<sup>2</sup>. Området strekk seg fra Skarstølen, 500 m.o.h til Krokavassnuten 930 m.o.h.

## Klima

Temperaturmålingar i Tabell 1. viser at området har eit kystklima med høg vintertemperatur og forholdsvis låg sommartemperatur. På NIBIO sin klimastasjon i Etne (8

m.o.h.) er temperaturen lågast i februar med 0,6°C i Årsmiddel er 7,3 °C. Temperaturen er høgast i juli med 15,6 °C. Ein peikpinn på temperaturen i ulike høgder kan ein få ved å rekne med ein nedgang på 0,6 grader for kvar 100 meter stigning. Årsnedbøren i Etne er målt til 2172 mm. Årsnedbøren i det kartlagde området er høgare, sidan fjell vil pressa luftstraumen oppover og såleis føra til meir nedbør.

**Tabell 1.** Middeltal for temperatur og nedbør i Etne frå 1996-2016. Kjelde: NIBIO.

	Moh	Jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
Temperatur	8	0,6	0,6	2,9	6,6	10,2	13,2	15,6	14,4	11,6	7,0	3,8	1,1	7,3
Nedbør	8	211	227	180	115	106	122	130	155	201	251	238	237	2172


## Berggrunn

Figur 3. viser berggrunnen i området ([www.ngu.no](http://www.ngu.no)). Området er dominert av fyllitt/glimmerskifer med overskuva kompleks av gneis. Fyllitt og glimmerskifer er vanlegvis næringsrike bergartar, men i dette området er dei kvartsrike og inneheld lite kalk (Huseby og Odland 1981). Desse bergarta-ne gjev derfor ikkje utslag i særleg rikare vegetasjon. Den overskuva gneisen (trondhjemitt) er heller ikkje særleg rik på plantenæring. Men den er meir oppspruk-

ken og har difor nok meir jord og tettare plantedekke. I grenseflata mellom den underliggende fylitten og overskuva gneisen finn vi det rikaste plantelivet i området, slik som i bakkane aust og nord for Grindheimsstølen og kring Joravatna.

## Lausmassar

Det er lite lausmassar i området, og store parti med fjell i dagen. Figur 4. viser kart over lausmassar.




## Tal dyr på beite.

**Tabell 2.** Sau, lam og % tap på Grindheim/Litledalen og Fiskedalen, 1970-2017

Årstal	Sauer	Lam	% Tap	Årstal	Sauer	Lam	% Tap
1970	204	181	5,2	1994	274	411	2,19
1971	162	181	4,08	1995	277	336	3,72
1972	149	152	5,32	1996	306	399	3,5
1973	181	209	3,33	1997	342	461	5,7
1974	178	183	2,77	1998	279	401	2,5
1975	244	311	3,42	1999	249	368	4,86
1976	275	336	2,62	2000	238	304	1,29
1977	344	460	3,7	2001	228	360	2,38
1978	267	352	3,06	2002	229	326	3,6
1979	265	356	3,7	2003	165	203	2,45
1980	257	351	3,12	2004	151	226	3,3
1981	259	330	4,75	2005	121	162	2,47
1982	272	321	3,3	2006	128	184	8,97
1983	263	337	1,5	2007	94	134	5,3
1984	290	375	4,36	2008	98	126	2,7
1985	294	383	2,8	2009	101	164	2,6
1986	269	333	2,49	2010	115	179	2,7
1987	288	360	2,78	2011	102	174	2,17
1988	225	334	2,86	2012	146	207	1,98
1989	228	331	1,79	2013	169	258	3,5
1990	251	351	2,33	2014	216	255	4,03
1991	270	384	3,82	2015	223	338	3,92
1992	213	267	1,87	2016	248	377	3,52
1993	274	396	5,22	2017	214	372	4,1

**Tabell 3.** Storfe og % tap på Grindheim/Litledalen og Fiskedalen, 1992-2017


Årstal	Storfe	% Tap	Årstal	Storfe	% Tap	Årstal	Storfe	% Tap
1992	42	0	2001	35	5,7	2010	26	0
1993	49	0	2002	34	0	2011	37	2,7
1994	44	0	2003	39	5,1	2012	26	0
1995	48	0	2004	42	0	2013	30	0
1996	49	4,1	2005	45	4,44	2014	30	0
1997	53	1,9	2006	38	0	2015	19	0
1998	59	1,7	2007	48	4,2	2016	33	3
1999	51	0	2008	44	2,3	2017	34	2,9
2000	46	0	2009	27	0			

**Figur 5.** Diagram over tal sau og lam i Grindheim og Litledalen beitelag på fjellbeite 1970-2017. Samt tapsprosent i same tidsrom. Kjelde: Grindheim og Litledalen beitelag.

## Skårfeste

Det kartlagde beitet er delvis i ulendt terrenge. Vi finn difor mange skårfeste der både storfe og sau går seg fast. I seinare år er alle kjente skårfeste kartfesta og lagt inn på Norgeskart. Under har vi tatt ei utskrift av dette kartet. Heile kartet finn ein på denne nettadressa: <https://www.norgeskart.no/#!?>

pro-  
ject=seeiendom&layers=1002,1015,1014&z  
oom=12&lat=6644806.47&lon=957.82&dra  
wing=d8f0273a5b80e5d167f9826b781ffbd3  
51b56246



**Figur 6.** Registrerte og kartlagde skårfeste av Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskeldalen. Røde prikker viser skårfeste. Gule prikker er skårfeste som er skote ut. Blå prikker er stader der beitelaget har mist storfe. På kartet er det også registrert lokale namn.

## Sauemerke

*Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen, og beitelaga rundt.*



**Figur 7.** Lars Ø. Grønstad sine sauер i Nutakleivo. Merka med svart A på høgre bog. Gule klavar, gule klyper, svala og kvela framani høgre.

**Tabell 4.** Merking av sauene i og rundt Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen

Namn	Målingsmerke	Klave	Øyremerke
Lars Ø. Grønstad Telefon: 48112904	Svart A på høgre bog.	Gule klave	Gule klyper, svala og kvela framani høgre.
Arne Grindheim. Telefon: 97531140 (Arne) 92887590(Camilla)	Svart klysa på venstre bog	Blå klave, blått slips, gul nr plata  Rosa klave, rosa slips, rosa nr.plata	Gule klyper i begge + rosa i høgre. Svala i høgre og skjeringelakk bakani venstre
Magnhild H.Hovin Telefon: 98356227		Orange klave, orange slips.	Orange klyper i begge
Kjell Thomas Kirketeig Telefon: 90503109	Svart prikk på begge lår	Gul klave, rødt slips på nokre få	Gult i høgre, gult / rødt i venstre
Johannes Onstein. Telefon: 95291665		Gule eller blå	Gule klyper, avstyvt i høgre. Eller snestyvt i høgre og svala i venstre.
Jan Sigve Særsten Telefon: 91735873	Grøn farge bak		Orange merke etter kvart, nokre med kvit.
Birgitta Vedøy Telefon: 92826273	Grønt på halarot	Gul klave, gul nr. lapp, blå slips	Gule klyper

Sauemerke, framhald.


Ole Sævareid Telefon: 95256100	Raud strek over bøgene	Raud klave	Raude klyper, avstyt i høgre øyra
Kjetil Flokketvedt Telefon: 97594735	Raud strek ned venstre bog	Raud strek ned venstre bog	Gule klyper
Anita/ Gabriel Hodne Telefon: 90102582	Lilla halar sau/lam (frå2018 )	Lilla klave/slips (frå2018 )	Lilla klyper(frå 2018 )
Oddbjørn Sande Telefon: 95804695		Orange klave/orange nr lapp	Orange klyper i begge øyrer
Eivind Frette Telefon: 90895249		Raud klave, raudt slips	Raude klyper i begge
Leif Bjarte Halleland. Telefon: 995 80 145	Grønt strek over bøgene	Gul klave, gul nummerlapp bjølla	Orange i venstre, orange + gult i høgre
Hans Martin Harboe. Telefon: 95161405	Grønt strek over krysset	Gul klave, breitt gult slips	Gule klyper i begge øyrer
Liv Jorunn Rygg	Grønt strek midt på ryggen	Raud klave, raud bjølla, raudt slips	Raud klype i høgre, grøn klype i venstre.
Ingemund Berge. Telefon: 41336909	Svart strek over bøgene		Gult + blå i venstre, blått + orange i høgre
Olav Sølvberg Telefon: 90607127	Grønt strek over krysset	Grøn klave, grøn nummerplata	Gult i venstre, grønt i høgre. Kvela bakani høgre.
Lars Kjetil Flesland Telefon: 947 81 807	Grøn klatt med halaroto.	Orange klave, orange nummerplata.	Gul + grøn i begge.
Bjarne Haugen Telefon: 99440929		Orange klave, blått slips.	Raud klype i høgre, gul i venstre
Johannes Silde Telefon: 97086555		Grøn klave, rødt slips.	Gule klyper i begge
Håvard Kambo Telefon: 91510880	Svart loddrett strek venstre bog	Grøn klave	Grøne klyper
Torstein Kolås Telefon: 90269760		Gule klave, rosa slips	Raude og blå i begge
Kari Janne Lye Telefon: 90682331	Raud flekk i nakken	Grøn klave	Grøn og raud i begge
Kenneth Kaldheim Telefon: 41552879		Grøn klave. Rosa slips	Raude øyremerke i begge.
Lars Johan Flatebø Telefon: 481 12 719		Blå klave	Orange øyremerke i begge.
Tor T. Fosse Telefon: 994 40 929	Raud T på halterot	Raud klave. Ulike slips i forhold til antall lamb.	Svala i venstre, klypp framme og bak i same.
Tor Sigve Kaldheim Telefon: 99610934	Svart strek over bøgene	Raud eller gul klave	Gule i begge øyrer

## Kva er eit vegetasjonskart

(Henta frå: NIBIO RAPPORT VOL. 2. NR. 82-2016 )

Ville planter lever i konkurransen med kvar andre om vatn, næring og lys. Dei som er best tilpassa miljøet på veksestaden vil vinne. I område som har fått utvikle seg gjennom lengre tid er det derfor langt frå tilfeldig kva planter som veks kvar. Veksemiljøet til plantene er samansett av ei rekke naturgjevne og menneskeskapte tilhøve. Dei viktigaste av desse såkalla økologiske faktorane er vist i figur 8. Planter som har noko lunde same krav til miljøet vil vekse på same stad. Dei dannar det vi kallar eit plantesamfunn eller ein vegetasjonstype. **Ein vegetasjons-type er såleis ei karakteristisk samling av artar som vil finnast att på stader med like veksevilkår.**


Ut frå dette vert eit vegetasjonskart eit bilde av den mosaikken av vegetasjonstypar som utgjer plantedekket i området.



**Figur 8.** Viktige faktorar som avgjer veksemiljøet til plantene (NIBIO RAPPORT VOL. 2 NR. 82-2016).



**Figur 9.** Mosesnøleie med dominans av musøyre. Foto: Lars Kjetil Flesland.



Figur 10. Vegetasjonskart Grindheim/Litledalen beitetlag og Fiskedalen

# Vegetasjonen i det kartlagde området.

**Tabell 5.** Vegetasjonstyper registrert i området, med areal og prosentvis fordeling.

1. SNØLEIE	Areal, daa	Prosent dekke i området
1a+1b (mest 1b)	540	3
2. HEISAMFUNN I FJELLET		
2c Lavhei (ofte i mosaikk med 2g alpin fukthei og 1a+b snøleie)	3867	21
2e Rishei (ofte i mosaikk med 2g alpin fukthei)	1815	10
2f Alpin røsslynghei	99	1
2g Alpin fukthei	4069	21
3. ENGSAMFUNN I FJELLET		
3b. Høgstaudeeng (fattig type, grasdominert)	1435	8
4. LAUVSKOG		
4b Blåbærbjørkeskog	1139	6
8. FUKT- OG SUMPSKOG		
8a Fuktskog	16	0
9. MYR		
9a Rismyr	963	5
9 b. + 9c + 9d + 9e Andre myrtypar, mest Bjørnnskjeggmyr	166	1
11 JORDBRUKSAREAL		
11b Beitevoll	33,2	0
12og 13 UPRODUKTIVE OG BEBYGDE AREAL		
12a Jord og grus	65	0
12b Ur og blokkmark	148	1
12c Nakent fjell	2652	14
13a Ferskvatn	1750	9
<b>SUM</b>	<b>18752</b>	<b>100</b>

# Omtale av kartlagde vegetasjonstypar

(Omtale av vegetasjonstypane er henta frå: NIBIO RAPPORT VOL. 2. NR. 82-2016)

## Snøleie

### 1a Mosesnøleie

**Økologi:** Dette er snøleie som smeltar seint ut, normalt sist i juli eller først i august. Varigheita av snødekket er avgjande faktor for utviklinga av *mosesnøleia*. Typen finst helst i mellomfjellet og i nordhalingar i lågfjellet. Næringsstilgang og vasstilgang kan variere. Solifluksjon gjer at vegetasjons-dekket ofte er brote opp av stein, grus og naken jord.

**Artar:** Typen omfattar mange utformingar som har det til felles at veksesesongen blir for kort for dei fleste karplantene. Ulike moseartar vil dominere vegetasjons-dekket. Karakteristisk er *snøbjørnemose* og *krypsnømose*. Av karplanter er det *musøre* som får størst dekning. *Stivstorr* kan forekoma meir spreitt. Andre karakter-istiske snøleieplanter er *dverggråurt*, *hestespreng*, *stjerne-sildre* og *jøkelstorr*.

**Forekomst:** Det er registrert små areal med mosesnøleie øvst på Borfjellet. Men i registreringane er desse slått saman med 1b Grassnøleie.

**Beiteverdi:** *Mosesnøleia* har lite beiteplanter og er *mindre godt beite* for både sau og storfe. Der *musøre* dominerer kan denne bli noko beita. Men produksjonen er svært låg.

### 1b Grassnøleie

**Økologi:** *Grassnøleia* opptrer over skoggrensa på stader med mindre ekstreme snøforhold enn i *mosesnøleia*, men med betre snødekket enn i *rishei*. Utsmelting skjer som regel i slutten av juni eller først i juli. Næringsstilstanden i jordsmonnet er fattig til moderat. Vasstilhøva i veksesesongen vil variere mykje. Vassmetninga i jorda vil vera høg ved utsmelting. Enkelte utformingar kan vera permanent fuktige eller

overrisla heile vegetasjonsesongen, mens andre kan tørke raskt opp når snøen er borte.

**Artar:** Karakteristisk for *grassnøleia* er dominans av gras- og halvgrasartar. Dei lokale utformingane er artsfattige og oftest dominert av *finnskjegg*. Andre artar som innsgår vanleg er *smyle*, *stivstorr*, *gulaks* og *blåbær*. Godt innslag av *bjønnskjegg* opptrer ofte og gjer overgangen til *alpin fukthei* glidande. Innhaldet av typiske snøleieplanter er ofte sparsamt, men *musøre*, *dverggråurt* og *fjellmarikåpe* forekjem vanleg. *Sølvbunke* og *engkvein* kan opptre på litt rikare mark. I dette området er det jamt med *finnskjegg* i mykje av *grassnøleia*.

**Forekomst:** *Grassnøleie* finn vi frå Borfjellet mot Krokavassnuten i veldig glidande overgangar til *alpin fukthei*. Også på Vio finn vi *grassnøleie*, mest frå Varden og austover.



**Figur 11. 1b.** *Grassnøleie* med *finnskjegg*, *stivstorr* og *blåbær*. Foto: Lars K. Flesland

**Beiteverdi:** *Grassnøleie* er viktige beite for sau ut på ettersommaren og hausten. Den sesong- messige tydinga av typen er større enn planteproduksjonen skulle tilseie da dyra her får tilgang på ferskt plantemateriale i ei tid da vegetasjonen elles fell raskt i

verdi. For storfe vil planteproduksjonen bli låg. *Grassnøleie* er vanlegvis *godt beite* for sau. Den høge finnskjeggdekninga senkar kvaliteten av dei lokale utformingane og

verdien er sett til *godt - mindre godt beite* for sau og *mindre godt - godt beite* for storfe.

## Heisamfunn i fjellet

### 2c Lavhei

**Økologi:** *Lavheia* finn vi på rabbar eller andre opplendte stader som har tynt eller heilt manglar snødekkje om vinteren. Jordsmonnet er tynt og næringsfattig og ofte er vegetasjonsdekket usamanhengande med mange fjellblotningar.

**Artar:** Planter som skal kunne leva på ein slik utsett vekseplass må kunne tåla vindslit, tørke og frost. Dette er stort sett krypande busker og lyngartar, samt ulike lavartar. Urter og gras er det lite av.

*Krekling*, men også *røsslyng* og *blokkebær*, er oftast dominerande artar i dette området. Andre viktige artar er *greplyng*, *rypebær* og *rabbesiv*. *Stivstorr* opptrer vanleg på rabbanne, det same gjeld fuktartar som *bjønnskjegg*. Krypande *einer* og *dvergbjørk* kan forekoma. I botnsjiktet har oftast *heigråmose* høg dekning. Det er lite av lavartar, men reinlavartar forekjem.

**Forekomst:** *Lavhei* dekkjer alle eksponerte høgder i snaufjellet.

**Beiteverdi:** I *lavheia* finn vi svært lite av beiteplanter slik at typen er *mindre godt beite*. I eit beiteområde vil innslag av rabbar likevel ha betydning som "trivselsland", da sauene likar å streife og gjerne brukar rabbanen til kvileplass.

### 2e Rishei

**Økologi:** *Rishei* finst i lågfjellet og på skoglause eller avskoga stader under skoggrensa. Vekse- plassen krev betre snødekkje enn *lavheia*, men heller ikkje meir langvarig enn at det meste av snøen er smelta i slutten av juni. Nærinstilgangen kan variere frå moderat til låg, medan vasstilgangen er moderat. I kartleggingsområda opptrer *rishei* helst på godt drenerte lokalitetar,

gjerne i godt hellande terrengr.

**Artar:** *Rishei* er dominert av lyngartar som *blåbær*, *røsslyng*, *blokkebær* og *kreling*. Dominansforholdet mellom lyngartane kan variere. Litt tørre lokalitetar er ofte dominert av *røsslyng* og *blokkebær*. På litt meir eksponert mark kan *kreling* innhaldet vera stort, medan *blåbær* dominerer i meir beskytta lesider med litt betre forsyning av næring og vatn.

Einerdekninga kan stadvis bli høg, t.d. kring hyttene på Grindheimsstølen. *Smyle* er jamt til stades, men har høgast dekning i blåbær-utforminga. *Blåtopp* og *bjønnskjegg* kjem inn på meir rålendte areal, og *finnskjegg* i overgangen mot snøleie. Vanlege artar elles i *rishei* er *dvergbjørk*, *stivstorr*, *skrubbbaer*, *skogstjerne*, *gullris* og *maiblom*. I botnsjiktet finst ofta eit dekke av mosar, mest sigdmosar, *etasjemose* og *furumose*.

**Forekomst:** *Rishei* har høgt innslag i områda med areal over skoggrensa.

**Beiteverdi:** Vanlegaste utforminga av *rishei* i dei kartlagte områda har litt mindre med beiteplanter enn vanleg for typen og er sett som *godt - mindre godt beite* for både



**Figur 12.** 2e Rishei dominert av blåbær. Foto: Lars Kjetil Flesland

sau og storfe. Blåbærutforminga har godt med *smyle* og er *godt beite*.

## 2f Alpin røsslynghei

**Økologi:** *Røsslynghei* er knytt til veldrenert og næringsfattig mark i nedre del av lågfjellet, samt open mark under skoggrensa. Typen opptrer ofte på tynt jordsmonn og gjerne i kombinasjon med nake berg. Snødekket er stabilt og smeltar tidleg ut.

**Artar:** Feltsjiktet er dominert av *røsslyng*, med *blokkebær*, *krekling*, *tyttebær*, *klokke-lyng* og *smyle* som vanlege artar. Der typen nærmar seg *alpin fukthei* vil *blåtopp*, *rome* og *bjørnskjegg* få god dekning. Eit botnsjikt av *etasjehusmose* er vanleg.

**Forekomst:** I kartleggingsområda er det ein glidande overgang til røsslyngblokkebær-utforming av *rishei*. Det er truleg teke ut for lite areal av *alpin røsslynghei*. Mest typisk alpin røsslynghei finn vi på nordsida av vegen fra Hjørnåsdammen til Grindheimsstølen.

**Beiteverdi:** Innhaldet av beiteplanter er sparsamt, men litt *smyle* og *blåtopp* kan forekoma og typen utgjer *mindre godt - godt beite*

## 2g Alpin fukthei

**Økologi:** *Alpin fukthei* er knytt til nedbørrike strok og opptrer i ulike høgdelag frå skoglause parti øvst i skoggrensa og heilt opp i mellomfjellet. Dette er ein overgangstype mellom fastmark og myr, vanlegvis i hellande terrenget med dårlig drenering, men kan også gå opp på lite eksponerte rabbar i dette området. Typen finst helst på næringsfattig grunn torv, gjerne i mosaikk med *lavhei*, *rishei* eller *røsslynghei*. *Alpin fukthei* kan også opptre på grunnlendt mark som er influert av vassig over berget. Innslaget av bart fjell er da ofte stort.

**Artar:** Vegetasjonen er dominert av *bjørnskjegg*, med aukande innslag av *blåtopp* ned mot skoggrensa. Opp mot mellom-

fjellet kan *bjørnskjegg* bli mest einerådande. Dekninga av lyngartar er varierande med *krekling*, *røsslyng*, *blokkebær* og *blåbær*. *Skrubbær*, *tepperot* og *skogstjerne* er vanlege urter. *Finnskjegg* har jamt innslag på overgangen mot *grassnøleie*, det same gjeld *stivstorr*. *Rome* og *klokke-lyng* kan koma godt inn ned mot skoggrensa. Mosedekket er varierande, gjerne med eit godt innslag av torvmosar.

**Forekomst:** *Fuktheia* er dominerande vegetasjonstype over skoggrensa i alle områda med snaufjell. Særleg på Strype og Nordfjellet finn i eit stort innslag av fukthei.

**Beiteverdi:** Beiteverdien til *fuktheia* vil variere med innhaldet av *blåtopp*. Over skoggrensa er dette oftaft lågt og typen er derfor sett som *mindre godt - godt beite* for storfe. Sau vil finne meir beite her og verdien er sett som *godt - mindre godt beite*.



Figur 13. Fukthei på Nordfjellet. Foto: Lars Kjetil Flesland.

## Engsamfunn i fjellet

### 3b Høgstaudeeng

**Økologi:** Førekjem i bratte lier, rasmark eller langs bekkar, elvar og myrkantar med god tilgang på næring og vatn. Næringstilgangen er moderat til svært god og snødekket er stabilt. Dette er den mest produktive av vegetasjonstypene i fjellet.

**Arter:** Frodig vegetasjon dominert av *smørtegl*, *fjellburkne* eller *sølv-* og *lappvier*.

**Forekomst:** I området finn vi høgstaudeeng i mange bratte skråninger. Største samanhengande område finn vi i fjellsidene aust om Grindheimsstølen, Grasdalane og øvst i bakkane over Ytre Jorvatnet. Denne vegetasjonstypen finst i to klare utformingar, ein dominert av lappvier og ein dominert av smørtegl.

pen er viktig for mykje av insekt, fuglar og dyr som lever i fjellet. Som beite er dette viktige areal for sau og storfe, men terrenget kan vera ulagleg for storfebeiting. Beiteverdien kan settast til svært god.



**Figur 14:** Skogstorkenebb er vanleg i høgstaudeenga. Foto: Lars Kjetil Flesland.

**Beiteverdi:** Høg planteproduksjon og stort artsmangfald gjer at denne vegetasjonsty-

## Lauvskog

### 4b Blåbærbjørkeskog

**Økologi:** Blåbærbjørkeskog forekjem på stader der tilgangen på næring og vatn er betre enn i førre type (4.a. Lav og lyngrik bjørkeskog). Typen finst mest i lisider med moderat forsyning av næring og vatn, men finst også i flatt og opplendt terren.

**Artar:** Bjørk er dominerande i tresjiktet, furu kan ha godt innslag og osp, selje og rogn førekjem spreitt. Einer har stadvis høgt dekning i busksjiktet. Undervegetasjonen er som regel dominert av blåbær og smyle. Artar som skrubbær, tyttebær, blokkebær, gulaks, fugletelg, maiblom, skogstjerne, tepperot, stormarimjelle, bjønnkam, sautegl, storfrytle og einstape førekjem jamt. I botnen finst eit tett dekke av mosar, mest etasjemos, sigdomosar og furumose, men stadvis også flekkar av torvmosar. Ei fuktprega utforming med godt innslag av blåtopp kan førekoma. Ei rikare småbregneut-

forming opptrer vanleg i bratte dalsider. Her kjem det inn artar som hengeveng, gaukesyre, kvitsymre og engkvein.

**Forekomst:** I det kartlagde området finn vi mest blåbærbjørkeskog frå Hjørnås mot Kyrkjedalen og Litledalsstølen. Spreidde kjosar med blåbærbjørkeskog finn vi også i Fiskedalen og på Strype.

I området mellom Hjørnås og Litledalsstølen er mykje av skogen så tett at den avgrensar tilgangen for beitedyra. Smakligheten på graset vert også därlegare på slike stader.

**Beiteverdi:** Normalt vil det meste av blåbærbjørkeskogen ha eit høgt innslag av blåbær og smyle og kan settast til godt beite for både sau og storfe. Småbregneutforminga er særleg verdfull da denne kan utvikle seg til svært grasrik mark ved beiting

## Fukt- og sumpskog

### 8a Fuktskog

**Økologi:** *Fuktskog* finst i nedbørrike strøk av landet og er ein overgangstype mellom sumpskogar og dei tørrare fastmarksskogane. Næringsstilstanden er låg til moderat og jorda er fuktig/våt med høgt humusinnhald. Stadvis er jorddekket grunt med mykje fjellblotningar. Typen er knytt til hellingar eller grunnlendte berg med godt vassig.

**Artar:** *Furu* eller *bjørk* dominerer eller opptrer i blanding i eit oftast glissett og ujamt tresjikt, spesielt på dei skrinnaste lokaliteteane. *Einer* og *pors* kan stadvis inngå i busksjiktet. Undervegetasjonen er samansett av artar både frå myr og fastmark. Både felt- og botnsjiktet er artsfattig. Grasarten *blåtopp* pregar feltsjiktet, ofte med solid dekning, spesielt på lågareliggende areal. Nokre lyngarter finst, mest *røsslyng*, *blokkebær*, *klokelyng*, *krekling* og *kvitlyng*, og på betre jorddekke også litt *blåbær*. I dei fattigaste *fuktskogane* er *rome* godt represen-

tert samt *bjønnskjegg* som har aukande innslag mot høgda. Urter som *tepperot*, *skrubbær* og *skogstjerne* førekjem. Botnsjiktet har fleire mosearter, mest torvmosar og *heigråmose*.

**Forekomst:** Fuktskog finn vi i området over vegen frå Rødekorshytta til Bassuro.

**Beiteverdi:** Typen har i regelen stort innhold av *blåtopp*. Denne grasarten blir beita av storfe, men for sau er den grov og storvaksen. I kva grad den blir beita vil avhenge av kva andre tilbod som finst. Beiteverdien til dominante utforming er *godt beite*, men ei bjønnskjeggutforming som førekjem stadvis har litt lågare beitekvalitet. Gjenomsnittleg beiteverdi er derfor sett til *godt - mindre godt beite* for både storfe og sau.



**Figur 15.** 9c. Grasmyr i overgang til 8a. Fuktskog. Like over vegen sør om Rødekorshytta.

Foto: Lars Kjetil Flesland.

# Myr

## 9a Rismyr

**Økologi:** Denne myrtypen har oppbygd lag som hindrar vegetasjonen fra kontakt med mineralhaldig grunnvatn. Vegetasjonen er artsfattig og nøyssam og klarer seg med den næringa som blir tilført med nedbøren. Oppbygde tuver dannar oftast ei ujamn overflate.

**Artar:** Vegetasjonen er artsfattig, einsarta og dominert av nøyssame artar som *røsslyng*, *blokkebær*, *klokkeleng*, *molte* og *bjønnskjegg*. Ei torvulldominert utforming er vanleg i kartområda. *Rome* kan stadvis danne samanhengande teppe. Botnsjiktet består av ei tett matte av torvemosar. *Heigråmose* har stadvis solid dekning

**Førekomst:** Typen finst i alle kartområda både under og over skoggrensa, men med små og spreidde areal.

**Beiteverdi:** Typen har lite av beiteplanter og er *mindre godt beite*.

## 9b Bjønnskjeggmyr

**Økologi:** Dette er næringssvak og artsfattig fastmattemyr med sterk dominans av den vesle sivarten *bjønnskjegg*. Denne myrtypen forekjem oftast på flate eller svakt hellande areal med lite vassig. Dette er eigentleg nedbørsmyr utan tuveoppbygging, men kan stadvis ha glidande overgangar mot fattige jordvassmyrer.

**Førekomst:** Bjønnskjeggmyr finst spreidd i heile området, men er under kartlegginga i liten grad skilt frå 9a Rismyr.

**Artar:** *Bjønnskjegg* er oftast dominerande art, men utforminga dominert av *svelstorr* og *torvull* fore-kjem. Andre artar både frå *grasmyr* og *rismyr* kan opptre spreitt. Lyng vil helst mangle, men sparsam dekning av *kvitlyng*, *røsslyng* og *klokkeleng* forekjem. Spreidde individ av *kvitmyrak*, *rome*, *molte* og *sivblom* er vanleg. På svakt jordvasspå-

verka parti kan det finnast sparsame innslag av *duskull*, *frynestorr*, *flaskestorr*, *blåtopp* og *trådstorr*. I botnen dominerer lite næringskre-vande torvemosar.

**Beiteverdi:** *Bjønnskjeggmyrene* har lite bei-teplanter og er *mindre godt beite*.

## 9c Grasmyr

**Økologi:** Dette er jordvassmyrer dominert av storr- og grasartar. Utforminga av vegeta-sjonsdekket vil vera påverka av kor høgt vatnet står, kor fort vatnet strøymer (verknad på oksygeninnhald) og mengd av næringssalt oppløyst i vatnet. I kartleggingsområda domi-nerer næringsfattige utformingar, og myrene er ofte hellande bakkemyrer med fast myr-matte.

**Artar:** *Grasmyrene* i området er for det mes-te homogene med eit feltsjikt dominert av *blåtopp*, *bjønnskjegg* og *torvull*. På faste utformingar kan det vera godt med *rome*. Elles førekjem artar som *slåttestorr*, *gråstorr*, *stjernestorr* og *strengstorr*. Flaske-storr, trådstorr og duskull kjem inn på våte utformingar. Av urter førekjem *tepperot*, *vanleg tettegras*, *heiblåfjør* og *myrfiol*. Pors kan inngå i busksjiktet. Botnsjiktet består mest av fattige torvemosar.

**Førekomst:** Vi finn små førekomstar av *grasmyr* i heile området, men er under kart-legging i liten grad skilt frå Rismyr.

**Beiteverdi:** Sau vil i liten grad gå ut på våte areal. Beiteverdien er sett til *godt - mindre godt beite* for storfe og *mindre godt - godt beite* for sau.

## 9d Blautmyr

**Økologi:** Dette er ei samlenemning for djup myr med därleg bereevne. Felles for alle ut-formingar er ei svært mjuk myrmatte eller na-ken, gjørmeaktig torv. Slik myr let seg normalt ikkje ferdast på.

**Artar:** Artsutvalet er avgrensa til nokre få

halvgras og urter, ofte med ei tett matte av *torvemosar* på dei minst fuktige partia. Spreidde innslag førekjem av artar som *flaskestorr*, *duskull*, *trådstorr* og *bukkeblad*.

**Beiteverdi:** Slik myr let seg ikkje ferdast på av beitedyr og er ikkje beiteareal.

**Forekomst:** Små og spreidde førekomstar av blautmyr finn vi i heile området, kanskje mest på myrane inn mot Litledalsstølen. Myrtypen er under kartlegging i liten grad skilt frå Rismyr.


## Uproduktive og bebygde areal

### 12b Ur og blokkmark

Areal der ur og blokkmark dekkjer meir enn 75% av arealet. Vi finn slike areal kring Jordavatna, over Grindheimsstølen og i Fiskedalen.

### 12c Bart fjell

Areal der bart fjell dekkjer meir enn 75% av arealet. Bart fjell utgjer eit relativt stort areal i området. Ofte blankskurde svaberg av fylitt og glimmerskifter. Mest slike areal finn vi sør på Borfjellet, Krokavatnet, Krokavassnuten og vest for Løkjelsvatn. Mellom svaberga finn vi gårer med vegetasjon, ofte snøleie.



**Figur 20:** Utsikt til Fiskedalen. Alpin fukthei og myr dominerer på flatane. I lisidene finn vi mest høgstaudeeng og rishei. Personen på bildet er Lars Ø. Grønstad. Foto: Lars Kjetil Flesland.

# Vegetasjon og beite i Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen

Under følgjer ein omtale av vegetasjon og beite i ulike deler av Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen.

## 1. Området vest for anleggsvegen frå Hjørnås til Bassurd (Strype).



**Figur 17.** Frå Strypeheiane mot Strypetjørn. Blankskurde svaberg med fukthei mellom. Foto: Lars Kjetil Flesland.

Ser vi på geologisk kart, består heile området av glimmeskifer og fyllitt. Det er svært lite lausmassar over fjellet, slik at når vi ser på vegetasjonen vil 2c *lavhei* dominera alle oppstikkande parti. Eit pussig fenomen, som nok skuldast terrengform og klima, er: Ser vi mot vest dominerer 2g *fukhei* dei fleste sidene, medan 2e *rishei* dominerer om vi ser mot aust. I søkk finn vi myr, både 9a *rishei* og 9b *bjønnskjeggmyr*. Mot anleggsvegen og på andre lune stader finn vi 4b *blåbærbjørkeskog* i blanding med 8a *fuktskog*. Nord for strypeheiane finn vi ned mot skoggrensa eit samanhangande parti med 2e *rishei* - blåbærutforming, der innslaget av gras er noko høgare.

**Beitekvalitet:** Området har liten høgdeskilnad, slik at storparten av beitet kjem samstundes. Det er lite lausmassar over berggrunnen som gjer arealet utsett for tørke. I dag blir området lite brukt til beite, men un-

der kartlegginga trefta vi på ein flokk geiter nord på Strypeheiane.



**Figur 18.** Geiter nord på Strypeheiane. Foto: Lars Kjetil Flesland

## 2. Området mellom anleggsvegen til Bassurda, via Litledalsstølen og vestsida av Grindheimsvatnet.



**Figur 19.** Frå Litledalsstølen. Foto Lars Kjetil Flesland.

Det er to naturtrekk som dominerer her, myr og bjørkeskog. Varierande med lausmassar over berget, men meir enn i området kring Strype. Området vart herja av brann våren 1948. Bjørkeskogen (*4b blåbærbjørkeskog*), er difor i same aldersklasse, og stadvis svær tett. Så tett at den hindrar beiting. Myrane består mest av *9a rismyr*, men med blauge parti (*9d blautmyr*). Kjem vi til Litledalsstølen er det langs bekken i myra tørre rindar med blåbær og røsslyng. Kring hyttene på Litledalsstølen finn vi beitevoll i blanding med grasrik blåbærmark. I liane opp mot Vio finn vi *2g fukthei*, men også samanhengande areal med *2e rishei* – blåbærutforming og *3b høgstaude-eng* (mest med smørtelg). Frå Litledalsstølen til stemmen på Grindheimsvatnet går i dag merka turistløype. Vegetasjonen er ein mosaikk av *2e rishei* og *2g fukthei*, med innslag av bjørk og furu.

**Beitekvalitet:** I dag har vi mest beiting i liane opp mot Vio. Her er til dels særskilt gode beite. Ei utnytting av bjørkeskogen kunne forbetra beite i dei nedre delane mykje. Anleggsvegen er ein ynda turveg for både lo-

kale og tilreisande. Dette kan skapa konflikter, t.d. med laushund. Dette gjeld både for sau og storfe.



**Figur 20.** Beitevoll kring hyttene på Litledalsstølen.

Foto: Lars Kjetil Flesland.

### 3. Området rundt Grindheimsvatnet og Nordfjellet.



**Figur 21.** Mykje fukthei på Norfjellet. Foto: Lars Kjetil Flesland.

På sørsida av Grindheimsvatnet finn vi mest 2g *fukthei* på flatane og 2e *rishei* i halla. Blåbærutforming av risheia i bakkane opp mot Vio. Her er også areal med 3b *högstaudéeng*. Der stigen til Joravatnet går finn vi myr som mot vatnet er 9d *blautmyr*, men som opp mot ura er 9c *grasmyr*. I lia fra myra opp mot fjellet finn vi rasmark med rik vegetasjon og gode beite for sau. Kring hyttene på Grinheims-stølen er det beitevollar og rishei som her stadvis er tilvakse med einer. Frå hyttene mot stemmen i enden av Grindheimsvatnet finn vi 2f *alpin røsslynghei* i tillegg til fukthei og rishei (- og Blåbærbjørkeskog).

Nordfjellet er som Strype dominert av skrinne svaberg, tynt med lausmassar og lite plante-dekke. 2g *fukthei* dominerer i bakkar og hall, medan 2c *lavheia* dominerer på alle oppstikkande parti. Samla sett er likevel plantedekket noko tettare på Nordfjellet enn på Strype. Lengst nord på Nordfjellet, kring utløpet av Løkjelsvatn finn vi eit parti som heilt er dominert av svaberg.

**Beitekvalitet:** Frå Grindheimsvatnet stig terrenget frå 556 m.oh. til over 900 m.o.h (Borfjellet). Her finn vi gode sauebeite, både

tidlege og seine. Området lengst nede, rundt vatnet og opp på Nordfjellet er det let-tast tilgjengelege området for storfe. Over 30 storfe beita her då kartlegginga vart gjennomført. Men beitet på Nordfjellet har mange av dei same utfordringane som på Strype. Areala på Grindheimsstølen kan forbetraast med å fjerna einer.



**Figur 22.** I sidene over vegen inn til Grindheimsstølen finn vi 2f *alpin røsslynghei*. Foto: Lars Kjetil Flesland.

## 4. Område på Vio



**Figur 23.** Vistrondo, nord på Vio. Mosaikk mellom 2e rishei og 2g fukthei. Foto: Lars Kjetil Flesland.

Vio ligg frå 700 m.o.h til 928 m.o.h. På oppstikkande rabbar finn vi 2c *lavhei*, med 1b *grassnøleie* i austvende hall. 2e *rishei* (blåbærutforming) finn vi i lågare parti mot Kvanenutstjørna og Sildrups. Elles mykje fukthei. I Sildrups, i halla opp mot Kvananten, ned mot Joravatna og ned mot Litlavio/Litledalsstølen finn vi område med 3b *høgstaudedeeng*, mest lappvierutforma.

**Beitekvalitet:** Samanlikna med Strype er beitet på Vio betre, både av di vi finn rikare vegetasjon her, men også av di dyra får tilgang til tidelege beite nede ved Grindheimsvatnet og seine beite i snøleia nord på Vio. Men området er avgrensa og med fleire skårfeste.



**Figur 24.** Skårfeste ved Kvanenuttjørn. Foto: Lars Kjetil Flesland

## 5. Området aust for Joravatnet mot Borfjellet.




**Figur 25.** Høgstaudeeng og gode beite øvst i Jorene. Foto: Lars Kjetil Flesland.

Nede langs begge Joravatna finn vi 2g *fukthei*. Høgare opper går denne gradvis over i 3b *høgstaudeeng*, største partia finn vi i bakkane over Ytra Joravatnet. Denne høgstaudeenga er prega av beiting, og innehold ein stor del gras. Rundt Indre Joravatnet finn vi bratte areal som hindrar beiting

og her finn vi også fleire skårfeste.

**Beitekvalitet:** Beita i bakkane opp frå Ytre Joravatnet er blant dei aller beste i heile beitet. I dette bildet er det tatt med at beitet grensar til Borfjellet med snøleie som gjev godt beite også sist i sesongen.



**Figur 26.** Like ved utløpet til Indre Joravatnet, ved saltepllassen der, finn vi ei flate heilt dominert av bjønneskjegg. Dette er ei utforming av snøleie. Foto: Lars Kjetil Flesland.

## 6 Borfjellet – Fiskedalen



**Figur 27.** Borfjellet, like ved Grindheimsnuten. Her ser vi 1b grassnøleie i mosaikk med 2g alpin fukthei. Foto: Lars Kjetil Flesland.

Sør og aust på Borfjellet har vi blankskurde svaberg av fylitt og glimmerskifer, med lite beiteareal. Gårer med vegetasjon i denne viser snøleie, både 1a mosesnøleie og 1b grassnøleie. Lenger nord og ned mot Fiskedalen dekker vegetasjonen det meste. Beitet er ein mosaikk mellom 2c lavhei, 1a mosesnøleie og 1b grassnøleie og 2g alpin fukthei. På vegetasjonskartet er området markert som 2c lavhei. Nærast Fiskedalen og mot Grasdalane finn vi i aukande grad 2e rishei. Grasdalane er dominert av 3b høgstaudendeeng, - mest gras- og lappvier. Også i liane ned mot Fiskedalen er 3b høgstaudendeeng vanleg.

**Beitekvalitet:** Dette er gode sauebeite. Særleg Grasdalane (inkludert Grasdalane – Grindheimsstølen) og liane kring Fiskeda-

len. Borfjellet har ein del seine beite som vert beite når areala lenger nede er hausta.



**Figur 28.** Båthilderen ved Krokavatnet på Borfjellet. Foto: Lars Kjetil Flesland.

# Beiteverdi og beitekapasitet

(henta frå NIBIO RAPPORT. Vol. 2. NR. 82. 2016).

## Beiteverdi

Den einaste systematiske reiskapen vi har for å vurdere kvalitet av utmarksbeite, er ei inndeling av vegetasjonsdekket i vegetasjons-typar. Utgangspunktet for dette er at artssamsetting, planteproduksjon og næringsinn-hald i plantene innafor kvar vegetasjonstype har begrensa variasjon frå lokalitet til lokalitet innafor eit geografisk avgrensa område.

**Beiteverdien for den enkelte vegetasjons-type vil i første rekke vera avhengig av tre faktorar (Rekdal 2001):**

1. Produksjon av beiteplanter (kg tørrstoff pr. dekar).
2. Næringsverdi (føreiningar pr. kg tørr-stoff).
3. Utnyttingsgraden (kor stor del av plan-temassen som blir teke opp av dyra).

Produksjonen av beiteplanter vil variere mykje med vekseltilhøva. Næringsverdien vil variere etter kva planter som finst, veksestad, hauste-tidspunkt m.m. Både produksjon og nærings-verdi er i stor grad målbare faktorar. Utnyttingsgraden er meir usikker da denne er knytt til beitevanane til den enkelte dyreart. Dyra sitt val av beiteplanter og området vil òg vera påverka av faktorar som tilgjenge, høve til ly, fordeling av vegetasjon i høgdesoner, mangfold i vegetasjonen, beitepress, årstid, værtihøve, plassering av saltsteinar m.m.

Verdsetting av beite blir uansett svært komplekse vurderingar som mykje må byggjast på skjønn ut frå god kunnskap om plantedekket, beitevanar og andre faktorar som er nemnt. Vegetasjonskartet vil vera ein viktig reiskap da ein her har kartfesta det botaniske grunnlaget saman med topografi-en. Kart i M 1:20 000 - 50 000 vil i første rekke kunne dokumentere område av ulik beitekvalitet. Vurdering av dyretal vil berre kunne gjerast grovt.

I omtalen av beiteverdien for vegetasjons-typar er det i førre kapittel og på dei avleia beitekarta for sau og storfe, brukar ein 3-delt skala; *mindre godt, godt og svært godt beite*. I tabell 6 er det gjeve eit samandrag av beiteverdien for typane. Beiteverdien er sett ut frå artssamsettinga innan kvar vegetasjonstype og hovedtrekk i beitevanar til den enkelte dyreart. Verdien er vurdert ut frå normal utforming av vegetasjonstypane i området. Det vil seie den beiteverdien dei ulike vegetasjonstypane har slik dei er utfoma utan påverknad frå beite eller slått.

For dei fleste typane vil ikkje beiteverknaden bli så stor at dette påverkar plantesetnaden i særleg grad. Unnatak frå dette er dei rikevegetasjonstypane som *engskogar, oreskogar* og *høgstaude-enger*. Den oppgjevne beiteverdien er her vanlegvis å rekne som potensiell verdi, det vil seie den verdien arealet kan få ved eit visst beitetrykk som kan gje vegetasjonen eit større grasinnhald. Dette av di ein i ubeita utformingar av desse typa-

Årsaken til høgt grasinnhald i beitepåverka vegetasjon skuldast at beiting påverkar konkurransenforholdet mellom plantene. Artar som tåler å bli beita ned fleire gonger i veksese-songen kjem best ut. Dette gjeld i hovedsak gras og halvgras som har vekstpunktet så lågt at dette ikkje blir skadd ved beiting. Planter som dyra ikkje likar eller som er så små at dei unngår å bli beita blir også favorisert. Lyng, lav og høge urter tapar i konkurransen, først og fremst av di dei ikkje tåler tråkk som følgjer med beitinga.

Område som gjennom lengre tid har vore utsett for beiting eller slått vil få grasrik, engliknande vegetasjon. Ved sterkt beiting kan det få preg av parklandskap. Artssamsettinga vil variere etter tilgang på næring og vatn i jordsmonnet. Det er særleg vegetasjonstypar med god næringstilgang som kan utvikle seg i den retninga. Vegetasjon som har svært sterkt beitepreg blir kartlagt som *beitevoll* på open mark og *hagemarkskog* på tresette areal. Elles er tilleggs-symbolet **g** brukar for å få fram lokalitetar som er meir grasrike enn normal utforming av den enkelte vegetasjonstype.

ne oftest har dominans av høge urter og bregner som ikkje er gode beiteplanter, eller busk- og tresjikt som hindrar tilgjenge.

Den viktigaste forskjellen i beitekvalitet mellom dyreartane vil i dette området vera at *alpine fuktheier* og *grassnøleie* er gjeve høgare verdi for sau enn for storfe, og at *gras-*

*myrene* er godt beite for storfe og mindre godt - godt beite for sau.

*Grasrik høgstaudeeng finn vi i over Ytre Joravatnet, på flatane innanfor Grindheimssvatnet mot Joravatna og i liene mellom Grasdalen og Grindheims-stølen.*

**Tabell 6.** Vegetasjonstypene sin beiteverdi vurdert etter ein 3-delt skala; Mindre god (Mg), god (G) og svært god (Sg).

Vegetasjonstype	Beiteverdi		Vegetasjonstype	Beiteverdi	
	Storfe	Sau		Storfe	Sau
1a Mosesnøleie	Mg	Mg	7b Blåbærgranskog	G	G
1b Grassnøleie	Mg-G	G-Mg	8a Fuktskog	G-Mg	G-Mg
2c Lavhei	Mg	Mg	8b Myrskog	Mg	Mg
2e Rishei	G-Mg	G-Mg	8c Fattig sumpskog	G-Mg	Mg - G
2f Alpin røsslynghei	Mg	Mg	9a Rismyr	Mg	Mg
2g Alpin fukthei	Mg-G	G-Mg	9b Bjørnnskjeggmyr	Mg	Mg
3b Høgstaudeeng	Sg-G	Sg-G	9c Grasmyr	G-Mg	Mg-G
4b Blåbærbjørkeskog	G	G	9d Blautmyr	Mg	Mg
6a Lav- og lyngrik furuskog	Mg	Mg	10c Fukthei	G-Mg	G-Mg
6b Blåbærfuruskog	G	G			

Beiteverdien for vegetasjonstypene på beitekarta er bestemt ut frå første signatur i kvar figur på vegetasjonskartet. Verdien er senka ein grad dersom figuren inneheld meir enn 50% bart fjell eller stein/blokk.

Ved sida av ei inndeling av vegetasjonsdekket i 3 beiteklassar, viser beitekartet også beitevollar og uproduktive areal.

**NB!** Kvalitetsgraderinga *mindre godt*, *godt* og *svært godt beite* blir brukta på to måtar i rapporten.

1. Kvar vegetasjonstype blir gjeve ein verdi ut fra innhald og kvalitet av beiteplanter (tabell 6).
2. Områda er gjeve ein gjennomsnittsverdi ut frå fordelinga av vegetasjonstypar. Da kan ein gå inn i tabell 7 og finne høveleg dyretall per km<sup>2</sup> nyttbart beite.

## Beitevarar

(henta frå NIBIO RAPPORT. Vol. 2. NR. 82. 2016).



**Figur 29.** Sau på beite ved Hedlo på Borfjellet. Foto: Lars Kjetil Flesland.

**Sau** som går fritt har som regel bestemte beiteplassar på eit forholdsvis avgrensa område der han held seg om sommaren. Sauen går helst i opplendt terren, av myr blir berre faste *grasmyrer* beita. Ut over sommaren trekkjer han gjerne opp i høgda etter som vegetasjonen utviklar seg. Veret har innverknad på beitinga. I sterkt solskin beitar sauken helst i skuggen eller i nordhallingar. I regnvær går han nødig ut på beite dersom han har ein tørr liggeplass. God tilgang på salt i beiteområdet begrensar aksjonsradiusen.

Sauen beitar helst småvaksne grasartar og urter. *Smyle* er ei viktig beiteplante, særleg der det er lite av rikare innslag. Av andre grasartar er *engkvein* og *gulaks* viktig. Sau et meir urter enn geit, storfe og hest. Lauv kan utgjera delar av føret. Pelssau og andre stuttrumpa saueslag et meir lauv enn andre sauersar (Nedkvitne m.fl. 1995). *Rogn* og *bjørk* er kanskje viktigast, men elles blir dei fleste lauvtreslag beita så nær som *or*. *Blåbær-* og *blokkebærlyng* blir beita, helst tidleg på året.

**Storfe** beitar mindre selektivt og snaubeitar

ikkje så sterkt som sauken. Gras- og urterike vegetasjonstypar er viktige, men storfe går også gjerne ut på myr- og sumpsamfunn med fast botn. I sterkt varme og kraftig regn trekkjer storfeet gjerne bort frå opne felt og inn i tett skog, og beitinga blir mindre intens. Varmt ver aukar insektsplaga og gjev dyra mindre ro til beite og kvile (Bjor og Graffer 1963). Storfe beitar først og fremst gras og urter, men dei tek også gjerne halvgras (storr, siv og frysler) og lauv. Viktige grasartar er *smyle*, *engkvein* og *gulaks*, men også meir grovvaksne artar som *sølvbunke*, *skogrøyrkvein* og *blåtopp*. Det kan vera store raseforskellar i beitebruk, til dømes med omsyn til beite av lauv.

**Sambeiting:** Beiting med to eller fleire dyreslag gjev betre utnytting av eit beiteområde. Dette fordi dei fleste dyresлага vil ha meir eller mindre ulikt val av beiteplanter og beitestader. Denne fordelen aukar ettersom mangfaldet i vegetasjon og terren innan eit beiteområde aukar. Dess fleire dyreslag som beitar saman, dess større sjanse er det for at fleire planteartar vil bli utnytta og ein større del av beitet bruk (Garmo 1994).

Somme artar som storfe vrakar, t.d. *engsol-eie*, blir beita av sau (Garmo 1994). Sauen beitar meir selektivt og treng ikkje så høg formengd som storfe, slik at terreng med lågare produksjon av beiteplanter kan nyttast betre med sau. Storfe beitar gjerne på myr, der sauken sjeldan går. Sauen vil på si

side kunne utnytte meir vanskeleg tilgjengeleg terrenge. Det er ikkje gjort tilstrekkeleg gransking kring effekta av sambeiting til at det kan talfestast kor stor denne fordelen er i form av hausta formengd og tal dyr på beite. Dette vil sjølv sagt variere mykje etter kva terrenge og naturtype ein har i beiteområdet.

## **Beitevanar i Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen**

Vegetasjonskartet som er utarbeidd, gir eit grunnlag for å dele beitet inn i gode og mindre gode beite. Mange stader er beitet ein mosaikk (samanblanding) av fleire vegetasjonstypar. I tabellen under er det den viktigaste vegetasjonstypen som bestemmer beitekvaliteten. I kart utarbeidd av NIBIO vert også dei andre vegetasjonstypane i området vektlagd når beitekvaliteten skal bestemmas. Det har underteikna ikkje godt nok grunnlag til å vurdera. I tabell 7. har vi sett opp arealet til dei ulike beitekvalitetane. Tilgjengeleg beiteareal er dei vegetasjonstypane som kan beitast, altså er vatn, berg og ur trekt bort. Når NIBIO lagar beitekart reknar dei også ut nyttbart beite.

Då trekkjer dei også bort dei vegetasjonstypane som har så lite beiteplanter at dei i mindre grad blir oppsøkt av beitedyra, -så lenge dyra kan velje fritt. Desse er *møsesnøleie*, *lavhei*, *rismyr*, *bjørnnskjeggmyr* og *blautmyr*. I Grindheimsbeite finst lavheia oftast i mosaikk med grassnøleie, rishei og alpin fukthei. Observasjonar viser at areal kartlagt som lavhei vert oppsøkt av sau. Vi har difor valt å ha lavheia som nyttbart beite for sau men ikkje for storfe. Vidare har vi vald å setje 90 % av høgstaudeenga som ikkje tilgjengeleg for storfe, sidan denne mest utan unnatak er knytt til bratte og utilgjengelege liar.

**Tabell 7.** Nyttbart beite i Grindheim og Litledalen sambeite (daa).

Beiteverdi	Sau	Storfe
Mindre godt	5044	1177
Godt	7627	7627
Svært godt	1435	143
Uproduktivt areal, svaberg, blokkmark, ferskvatn, mm	4646	9805
Kartlagt areal	18752	18752

## Blåbærmark/fuktmark

(henta frå NIBIO RAPPORT. Vol. 2. NR. 82. 2016).

Avgjerande for beiteverdien i dei kartlagte områda er korleis ein vurderer dei to hovudtypane av mark, blåbærmark og fuktmark. Viktigaste beiteplanta i blåbærmark er *smyle*, medan *blåtopp* er viktigast i fuktmark. *Smyle* er rekna som den viktigaste beiteplanta i norsk utmark. Ikkje av di det er den

mest næringsrike planta, men det er så mykje av den. Særleg sauens likar dette småvaksne graset som veks i mange vegetasjonstypar, men dominans opptrer i første rekkje på blåbærmark.

Blåbærlyngen blir også beita noko, i første rekkje nyskota om våren.



**Figur 30.** Blåbærskog. Foto: Ynge Rekdal, NIBIO



**Figur 31.** Fuktmark. Foto: Yngve Rekdal, NIBIO



**Figur 32.** Smyle. Foto: Ynge Rekdal, NIBIO



**Figur 33.** Blåtopp. Foto: Yngve Rekdal, NIBIO

*Blåtopp* er ei veldig viktig plante på fuktmark i kystklima der graset opptrer som dominerande art både i *fuktskog*, *fukthei* og ofte også på *grasmyr*. Det er knytt meir usikkerheit til beiteverdien til *blåtopp*. Graffer (1963) skriv at *blåtopp* blir beita ein del av storfe, men lite av sau, og at den blir lett forvoksen. Selsjord (1966) meiner at i vestlege strok må *blåtopp* reknast som ei god beiteplante. Einar Vik (1953) har merka seg at *blåtopp* sjeldan har merke etter anna



**Figur 34.** Bjørnnskjegg. Foto: Ynge Rekdal, NIBIO

Svalheim m.fl. (2004) gjorde kjemiske analysar på *smyle* og *blåtopp* gjennom beitesesongen på skogsbeite i Vegårshei og heiebeite i Setesdal. Det viste at *blåtopp* har mykje høgare proteininnhold enn *smyle*, medan *smyle* har meir energi. I begge artane fell proteininnvået utover i sesongen, men i *smyle* held energinivået godt utover haus-


ten tilfeldig beiting. Han meiner at graset har litt beiteverde som tidleg beite, men synest vera lite ettertrakta. Sløgedal (1948) skriv at slikt beite er rekna for å vera for "hardt" for sau, men kan vera gode beite for ku. I fuktmarka kan det også stadvis vera mykje *bjørnnskjegg* som i kystområde blir rekna som beiteplante. *Bjørnnskjegg* blir beita av både storfe og sau når skota er ferske, men er av dei plantene som fell raskast i kvalitet.




**Figur 35.** Finnskjegg. Foto: Yngve Rekdal, NIBIO

ten.

I same prosjektet vart det gjort tilvekstmålingar hos lam i løpet av beitesesongen. Det viste at tilveksten fall veldig når proteininnvået i plantene gjekk ned.



**Figur 36.** Energiinnhold i blåtopp og smyle på skogsbeite i Vegårshei og heiebeite i Setesdal for åra 2002 og 2003 (Svalheim m.fl. 2004).




**Figur 37.** Råproteininnhold i blåtopp og smyle på skogsbeite i Vegårshei og heiebeite i Setesdal for åra 2002 og 2003 (Svalheim m.fl. 2004).

Blåbærmark kan reknast som *godt beite* for gjeve skravur.

både sau og storfe, medan *fuktskog* ut frå dei undersøkingar og erfaringar som er gjort, ser ut til å vera betre beite for storfe enn for sau. Beitet på fuktmark fell tidlegare i kvalitet enn blåbærmarka som kan halde seg godt ut over hausten. På beitekarta er både blåbærmark og fuktmark rekna som *godt beite*, men for å vise at det er eit lite skilje er fuktmarka

Dei lågtiliggande areaala vil ha høgast plante-produksjon. Ulikheiter i høgdenivå gjer det muleg for beitedyr å trekke med vegetasjonsutviklinga og såleis ha tilgang til ferskt plantemateriale i lengre tid. Beitedyr i lågtiliggande areal i dette området kan i større grad vera utsatt for flåttborne sjukdomar, alveld og flugemark.



**Figur 38.** Grasprøvar og lammetilvekst. Søylene viser protein (% av tørrtøff) i smyle og blåtopp gjennom beitesesongen (snitt 2000-2001). Raud graf viser tilvekst for lamma på heiebeite dei same åra, korrigert for vegealder, lammetal, søyealder, kjønn og gard. Periodar: 1: jun-jul, 2: jul-aug, 3: aug-sept. (Svalheim m.fl. 2004).

## Beitekapasitet

(henta frå NIBIO RAPPORT. Vol. 2. NR. 82. 2016) .

Det finst lite forsking kring beiteverdien til dei f.e./dekar (Selsjord 1966). På skogsbeite er enkelte vegetasjonstypane. Dette gjeld både det tilsvarende funne at sau kan ta opp 11 produksjon og næringsverdi av plantemateri- f.e./dekar ved 120 dagars beitesesong og 8 ale, men særleg dyra sitt føropptak som vil f.e./dekar for storfe ved 80 dagars beitese- variere frå type til type. Høgast opptak vil ein song (Bjor og Graffer 1963). Dette gjev om ha frå dei vegetasjonstypane som er gjeve lag same opptak ved lik lengde av beitese- best beiteverdi, da det her er meir beiteplan- song for bæ dyreslaga. For eit større ut- ter og oftast planter av høgare kvalitet. Målt marksområde kan ein ikkje rekne med at ut frå avdrått på dyr er det funne at fjellbeite meir enn 10-20% av samla produksjon av på Austlandet gjev ei middelavkasting på 3-4 beiteplanter blir teke opp av beitedyr.

Med **beitekapasitet** er her meint det dyretal som gir optimal produksjon av kjøt, samtidig som beitegrunnlaget ikkje blir forringa på lang sikt.

**Føreining** (f.e) er eit uttrykk for næringsverdien i førmiddel. 1 føreining er lik verdien av 1 kg bygg med 14% vatn.

**Sau** er i denne rapporten brukta som nemning for samla tal sau som er sleppt på beite. Gjen- nomsnittleg førbehov i ein flokk med normalt lammetal vil da bli om lag 1 f.e. per dyr per dag.

Som 1 **storfeeining** er her tenkt storfe med forkav på 5 f.e. per dag i snitt gjennom beite- sesongen. Dette høver for ungdyr av NRF-rase i vekst ved 1-2 års alder. 1 storfe utgjer 5 sauueiningar.

Tveitnes (1949) rekna ut høveleg tal beitedyr vidd for kvart dyr også vil auke utover som- for fjellbeite av ulike kvalitetar på Vestlandet. maren og hausten. Knappheit på beite vil Dersom ein tek utgangspunkt i nyttbart beite- derfor først og fremst oppstå mot slutten av areal i den meaning at dette er areal der ein beitesesongen. Ei vurdering av avbeitings- kan rekne med at dyra tek beitegrøde av grad i slutten av sesongen kan derfor gje ein betydning for tilvekst i frå, kan dette sjå ut til god indikasjon på beitetrykket. I kartområdet å vera eit brukbart utgangspunkt for vurde- føregjekk kartlegginga først i juli slik at vi ring av beitekapasitet i utmark (Rekdal m.fl. fekk ikkje noko inntrykk av avbeitinga i områ- 2000).

Når ein skal vurdere beitekapasitet for eit Ei tredje tilnærming for å vurdere dyretal er å område er det viktig å bruke ulike tilnær- sjå på vekter på dyr frå beite. Her er det vik- mingsmåtar. Ovanfor er dyretal rekna ut på tig å sjå på resultat over fleire år da dette grunnlag av ressursgrunnlaget i plantedek- kan svinge mykje.

Ei anna vinkling er **vurdering av avbei- tingsgrad**. Siste delen av beiteperioden er den mest kritiske med omsyn til beitekapasi- tet. Dette av di produksjonen av beiteplanter vil variere gjennom sesongen – høgast på forsom-maren og gradvis mindre ut over hausten. Förbehovet til veksande beitedyr vil derimot auke og vera størst mot slutten av beitesesongen. Dette gjer at kravet til beite-

**Tabell 8.** Beitekapasitet for dyr på utmarksbeite med eit førbehov på 1 f.e. (sau) og 5 f.e. (storf) per dag. Tabellen forutset eit jamt beiteopptak gjennom sesongen. Tabellen er bearbeidd etter Tveitnes (1949).

Fôropptak per dag	Beitekvalitet	Dyr per km <sup>2</sup>	Dekar per dyr
1,0 f.e. (sau)	Mindre godt beite	33 - 54	30 - 19
	Godt beite	55 - 76	18 - 13
	Svært godt beite	77 - 108	13 - 9
5,0 f.e. (storf)	Mindre godt beite	7 - 11	150 - 95
	Godt beite	11 - 15	90 - 65
	Svært godt beite	15 - 22	65 - 45


Ei vurdering av arbeitingsgrad i slutten av sesongen kan gje ein god indikasjon på beitetrykket. Ved vurdering av arbeitingsgrad kan ein bruke ein 5-delt skala:

**Ikkje beita:** Vegetasjonen viser ikkje spor etter beiting

**Svakt beita:** Tydelege beitespor, men lite av samla vegetasjon er beita bort

**Godt beita:** Vegetasjonen er sterkt beiteprega, men ikkje snaua

**Sterkt beita:** Mykje av vegetasjonen er beita bort, men berre flekkvis nedåtgjnage.



**Figur 39.** Meltingsgrad av plantetørrstoff (%) og innhold av protein og trevlar i % av tørrstoff i ulike plantegrupper frå fjellbeite (etter Nedkvitne og Garmo 1985).

## Beitekapasitet i Grindheim/Litledalen beite-lag og Fiskedalen

For å bruke tabell 8 må det gjevast ein samla karakteristikk for beiteområde. Etter tabell 6 kan det høve med *godt beite* for områda som heilskap.

**NB!** Det må understrekast at utrekning av dyretal for å finne beitekapasitet er grove vurderingar med stor usikkerheit. Alle tal må reknast som rettleiande verdiar. Sikrare tal for beitekapasitet kan finnast ved å følgje med i bruken av området, utviklinga i vegetasjonen og vektene på dyr frå beitet over tid.

Det tilrådde dyretalet er sett ut frå målsetting om optimal produksjon av kjøt, samstundes som ein tek vare på ressursgrunnlaget på lang sikt. Sjølv om dyretalet skulle bli høgare enn det tilrådde vil ikkje dyra mangle mat. Problemet kan vera at dyra ved høgt beitebelegg et meir av planter med lågare fôrverdi som til dømes lyngartar. Lyng har langt lågare næringsverdi enn gras, og dette vil gå ut over tilveksten (Figur 39).

I det kartlagde området vil potensialet for gode vekter på sau truleg være høgast der dyra har ein god høgdegradient å trekke oppover, etter kvart som snøen smeltar og plantene utviklar seg. Slike stader finn vi t.d. i Jorene og Grasdalane. Tilgangen på beite i kartleggingsområda kan aukast noko ved skjøtsel av skogareal. Tynning av tresjiktet frå Hjørnås og innover, slik at lys og varme slepp ned i undervegetasjonen kan auke planteproduksjonen og gjere beiteplantene meir smaklege for dyra. Kring Grindheimsstølen vil fjerning av einer kunne auke beitekapasitet og kvaliteten ein god del. Hard beiting vil fremme grasvokster her (Rekdal 2011). Dette ser ein døme på i Jorene og i liane mellom Grindheimsstølen og Grasdalane.

**Med dette som bakgrunn, kan eit passande dyretal settast til 60 sau eller 11 storfe per km<sup>2</sup> nyttbart beiteareal. Brukar vi dette vil høveleg dyretal i beitet være: 850 sau eller 100 storfe.**

**Tabell 9.** Lammevekter hjå to av medlemmene i Grindheim/Litledalen beitelag og Fiskedalen, 2013-2017.

	2013	2014	2015	2016	2017
Lars Ø. Grønstad	45,0	46,8	47,7	45,6	40,0
Arne Grindheim	46,4	46,6	52,9	44,3	49,1